



ÅRDAL KYRKJE



BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPELL



SANDNES KYRKJE




AUSTAD KYRKJE

Kyrkjebladet

Nr. 3 - 2024 - 81. årgang

FOR BYGLAND



Sommarkveld ved Storestraumen. Foto: Frank Egil Reise

Dette kan du lese om i Kyrkjebladet: Bruk flagget • Gje ei ektstragåve til Kyrkjebladet • Andakt - På gjengrodde stier • I vesterled til Bergen • Konsert med Ingamay Hörnberg • Konfirmantpresentasjon Olsokfeiring • Ny trusopplærar



Bruk flagget!

I seinare tid har eg lagt merke til at svært få her i Byglandsbygda heiser flagget - korkje på høgtidsdager eller gravferder.

Ein anti-royalist som meg er ikkje så oppteken av alle desse kongelege flaggdagane.

Men at me som kristne ikkje markerer våre kristne høgtidsdagar til jol, påske og pinse er for dårleg.

Og når ein sambygding vert lagt til kvile på kyrkjegarden, er vel det minste me kan gjere å heise vårt vakre, norske flagg som ei siste helsing.

Dersom dette vert for krevjande, går det an å ta ned flaggstanga!

Svein Kleivane

Gi ei ekstra gåve til Kyrkjebladet!

Tekst: Olav Nilsen

Dei siste åra har Kyrkjebladet som no er i sin 81.årgang gått med underskot.

Dette til tross for at Kyrkjebladet vert distribuert gratis av frivilljuge, og at samla utgifter til grafikar og trykkeri ligg på same nivå som før.

Kyrkjebladet for 50 år sidan - 1974

Gåver til Kyrkjelydsbladet

Birgit Miljeteig 5, Aslaug Skjeggedal 5, Olav A Hovstad 5, Anne Hovstad 5, Olav J. Hovstad 5, Ingebjørg Rostveit 5, Selma Hovstad 5, Olav Rysstad 5, Signe Lande 10, Olaf Skjeggedal 5, Eiv. T. Greibrokk 5, Eiv. J. Greibrokk 5, Tor Lande 5, Marie Lande 10, Jon Løyland 5, Olav Løyland 5, Jens Lien 5, Gunnar E. Lande 5, Gunnar K. Neset 10, Anlaug Vedvik 10, Lars Ulåker 10, Rolf Hauge 5, B. Almedal 5, Olav S. Langerak 5, Torleiv Almedal 5, Sigurd Vestøl 5, Tora Fjeldberg 5, Gunnar Bakke 5, Jørund Bakke 5, Pål Omnes 5, Olav Omnes 5, Birgitt Hovland 5, Anne Sk. Hovstad 5, A. Hærås 5, Olav Asen 5, Sjølluv Homdrom 10, Knut Røysland 10, Margit Skeie 10, Knut Dale 10, Anna Haugå 5, Jon Bjørgum 5, Asulv Bø 10, Olga Såghus 10, Anund T. Lunden 10, Gro Nordgård 5, Jørund Dale 5, Gunnar Landås 10, R. Sundt 10, Anne Haugå 10, Tallak Haugå 10, Marcus Eriksen 20, Gyro Kvestad 10, Torgrim Lauvdal 10, Anna Dølsvåg 5, Asborg Horverak 10, Håkon Skeie 10, (Arne Haugå, Eiv. Haugå, Gunnar Haugå, Marit Fløte, Jakob Haugå 25) Aslaug Lande 10, Birgit O. Nordibø 10, Gro Gakkestad 10, Ingebjørg Nese 5, Astrid & Signe Nese 10, G. Skomedal 10, Åsmund Vollen 10, (Anne Haugå, Bjørgulv Haugå 30,) Margit Nese 20, Anne Grete & Molla Haugå 20, Guttorm Dale 10, Sæve Rosevoll 20, Thelma Evendsen 30, Ragnhild & Anne Haugen 20, Tone Eldhuset 10, Mabel Osmundsen 20, Asbjørg Haugen 10, Torleiv Haugen 10, Olav G. Såghus 10, Svein Austad 20.

Hjarteleg takk

KUNNGJERINGAR

Møteveker i Grendi bedehus:

5.-10. november, Misjonssambandet.

15.-17. november, Santalamisjonen.

27. novbr.-1. desbr., Indremisjonen.

Em. Johan Larsen.

Prestegardens kvinneforening, Bygland - har sin årlige basar laurdag 23. november.

Husflidlaget s. m. Folkeakademiet har festmøte på Bygland skule, fradag 29. november. Else Marie Jakobsen blir med.

Em. Johan Larsen har bibelveke på Bygland 3.-8. desember.

KIRKENS NØDHJELP:

J. og T. Grendi kr. 200.-

N.N. Araksbø » 100.-

N.N. Araksbø » 100.-

Hjarteleg takk

Frå heim og kyrkje



BYGLAND

Døypte:

8/9 : Gjert Berge.

Avlidne:

13/9 : Olav O. Sordal, f. 19-4-1888.

ARDAL

Døypte:

22/9 : Rune Galteland

28/9 : Svein Idsøe. - Døyppt i Varden småkirkemenighet, Stavanger.

Ektevigde:

21/9 : Odd Sigvart Hovstad og Ingrid Margrethe Dale - Vigde i Vågsbygd kirke.

Avlidne:

4/9 : Torjus Vatnedalen, f. 29-4-1910.

7/10 : Gunnar Knutson Neset, f. 29-12-1895.

30/9 : Anlaug Bakke, f. 19-12-1899.

17/10 : Birgit Frøyraak, f. 3-4-1894.

AUSTAD

Avlidne:

28/9 : Torbjørg Viki, f. 30-4-1891.

Kirkens nødhjelp

Mange pengar vert sende gjennom sokneprestkontoret til Kirkens Nødhjelp, gævelistene syner jo det.

Det tør vere på sin plass å minne om kva Kirkens Nødhjelp står for, formål og handlingsprogram:

Kirkens Nødhjelp bygger på vissheten om at Guds ord forplikter den kristne kirke til helhjertet omsorg og innsats for det hele menneske i legemlig og åndelig nød.

Kirkens Nødhjelp har til formål å formidle materiell og åndelig hjelp fra Den norske kirkes menigheter til flyktninger, emigranter, katastroferammede og andre nødlidende i inn- og utland, uten hensyn til rase, nasjonalitet, politisk oppfatning og religion.

Prostirådet 1975

Medlemmer:

Helge Knobel

Sverre Lund

Sofus Ausland

Anne Løyland Haugå

Torgny Birkeland

Varamenn:

Gudmund Skisland

Torleif B. Harstad

Ellef Åsland

Hallvard Eldhuset

Tor Jostein Viste

Me utgjev 4 nummer i året, og kvar utgjevnad koster rundt 12.000 kroner.

Me hadde difor sett stor pris på ekstra stor gjevarglede til Kyrkjebladet dei 3 siste månadene i år.

Gåver kan overførast til konto 2898.20.05630 eller Vipps 554108.

På førehand hjarteleg takk!



Kyrkjebladet for Bygland

Redaktør:

Olav Nilsen

Telefon: 982 99711

kbnilsen@hotmail.com

Layout/ombrekk:

Erik Dyngvold

Trykk:

Bjorvand & Co

Andakt ved sokneprest Kjell Steinbru:

Kjærleiken er frå Gud

Jesus talte mykje om kjærleik. Og berre for å ha det klårt: han legg lista veldig høgt for oss menneske. Vi kunne kanskje tenke at han kunne sagt noko i retning av at vi skal vere snille og gode mot kvarandre.

Men Jesus bruker mykje kraftigare ord når han taler om kva han krev av oss.

Ein evig urokkeleg kjærleik

«Mine kjære, lat oss elska kvarandre, for kjærleiken er frå Gud», kan vi lese i 1. Johannes brev. Og det stemmer godt. Gud har skapt oss med kjærleik, og han elsker også kvart einskild menneske med ein evig urokkeleg kjærleik.

«Men Gud er rik på miskunn. Fordi han elska oss med så stor ein kjærleik, gjorde han oss levande saman med Kristus». Dette skriv Paulus i Efesarbrevet.

Og når vi opnar oss for Gud, vil han ta bustad i oss og fylle oss med sin kjærleik. Den kristne budskapet handlar først og fremst om å ta imot.

I Bergpreika kjem det kanskje aller klårast fram kva Jesus krev av oss arme menneske: «Ver då fullkomne, liksom Far dykkar i himmelen er fullkomen.» Altså er det ikkje nok med at vi skal vere fullkomne i menneskeleg målestokk. Nei, han seier rett ut at han krev av oss at vi skal vere fullkomne liksom Gud sjølv!

Og det same guddommelege målet bruker han når han skal

forklare oss om kor høgt vi skal elska kvarandre: «De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre.» Også her er den reine guddommelege kjærleiken sett opp som mål for oss.

I det som gjerne kallas kjærleikens kapittel, 1. Korintarbrief kapittel 13, tek Paulus fram mange eigenskapar ved kjærleiken. Og det er interessant kva han begynner med. Nemleg: Kjærleiken er tolm-odig, og så held han fram med: kjærleiken er velvillig.

Dette er to verdier det er fint å ta med seg inn i liva våre. Kjærleik har ikkje berre med gode kjensler overfor kvarandre å gjera. Dei høyrer også med, men det at vi har tolmod med kvarandre er også eit teikn på ekte kjærleik.

Og ikkje minst er det eit uttrykk for kjærleik når vi gjer noko godt mot eit medmenneske.

Tolmod


Dette med tolmod, eller mangel på tolmod, er vel noko som vi kjenner igjen i liva våre. Det kan være krevjande å leve i nære relasjonar, og det skal ofte ein god porsjon tolmod til for å få samlivet i til dømes ein familie, til å fungere godt.

Og det er nok derfor Paulus begynner med dette: Kjærleiken er tolmodig.

Tolmod og tilgjeving er nær knyta til kvarandre, og i samlivet har både desse mye for seg.

Viljen til å tilgje er noko vi menneske må ha med oss i våre liv kvar dag.

Vi må ha med oss nokre tankar og visjonar inn i samlivet om korleis vi skal møte ein situasjon



der det blir sagt og gjort ting, som ikkje skulle vore sagt og gjort.

I ein annan tekst frå eit av Paulus sine brev, i Kolosserbrevet i kapittel 3, så lister Paulus også opp nokre ting som det kan være lurt å ha med seg som ei rettesnor og ein verdi inn i livet.

Gode levereglar

Dei eigenskapane som vi finn der, og som altså er gode levereglar for alle, dei beskriv Paulus på fylgjande måte: «Kled dykk difor i inderleg medkjensle og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige, så de ber over med kvarandre og tilgjev kvarandre om den eine har noko å klaga den andre for. Som Herren har tilgjeve dykk, skal de tilgje kvarandre.»

Dette er gode levereglar som alle uansett bør ha med seg. Men også her blir Guds kjærleik altså sett opp som mål for oss.

Men Paulus skriv også noko om kva som bind oss menneske saman: Og over alt dette: «Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkomen.» Så igjen blir det fullkomne sett opp, som mål for våre liv.

Og det fullkomne skal vi ha med som mål i våre liv. Samstundes skal vi erkjenne at det fullkomne er uoppnåeleg i dette jordelivet.

Fullkomne blir vi berre når Jesus sletter ut all vår synd og skuld.

På gjengrodde stier frå Bygland til Åseral

Søndag den 18. august arrangerte Bygland og Årdal kyrkjelyd ei heievandring i samarbeid med Åseral kyrkjelyd. Turen følgde den gamle Nordmannsvegen mellom Bygland og Åseral.

Tekst og foto: Kjell Steinbru

Ein viktig ferdsleveg

I gamal tid var dette ein viktig ferdsleveg som gjekk på tvers av dalføra i indre Agder. I mellomalderen, skriv Johannes Skar i Gamalt or Setesdal, at presten sat (budde) i Åknes i Åseral. Men han betente også det som vart kalla Greptin annekskyrkje på Skomedalsheia. Den låg på Morstøyl i sørenden av Reiårsvatn.

Ein kan framleis sjå tuftane etter denne kyrkja. Ein har også påvist tuftene etter kyrkja på Kyrkjevodden på Åknes ved Lognavatn. Det har synt seg at mykje av det Johannes Skar skriv stemmer.

Gamalt or Setesdal

Her er det som Johannes Skar skriv om tilhøva på heia mellom Bygland og Åseral i band II side 11: «På Skåmedalsheidi var ei fullt stor kyrkjesokn. Heile Skåmedalen nordigjenom og langt inn i Frøysnesheidane var tettsett med gardar. Der var Fossilid og Gryte og Røysland, Jørundlid og Langelid og Haugland, Njuk og Glott og Ormeholtet; Skåmestøyl og Myrstøyl og Høystøyl var gardar då likeins og Skakestøyl og Morstøyl på Frøysnesheidi. Kyrkja stod på Morstøyl. Morstøyl sokn var anneks under Åseral. Presten sat i Åknes, og på »Kyrkjevodden», tett

innmed, stod kyrkja, «Åby kyrkje» dei kalla. Deknen sat i Hammkodd.

Men der vart umskifte. Presten og deknen fraus ute på heimvegen frå Morstøyl. Austyrja kom so stinn som ein graut, og heidi var to miler breid. Dei stuva fram. Presten trota fyrst. Han rakk oppå det hægste, plent der som fer til halla heim til Lognavatn. Då klaka han. Deknen vann opp »Dekne-kleive», eit melle grand der ifrå. Dei sette opp ein varde der presten låg og kalla han »Pressvari». Då la dei Morstøyl sokn til Bygland.»

Så klaka dei, altså fraus i hel, både presten og klokkaren. Vegen over heia var 2 mil lang og dette som hende med presten og klokkaren må truleg ha vore om hausten då dei vart overraska av ein kald og våt austavind. Varden som blei satt opp der presten fraus i hel, ber altså namnet Prestvarden. Og så blei det altså etter at dette skjedde, slik at Morstøyl sokn blei lagt til Bygland sokn. Men frå 2019 har Åseral og Bygland sokn igjen fått felles prest. Men no er det ikkje lenger Nordmannsvegen som presten nyttar. Og Nordmannsvegen er og var heller ingen veg. Berre ein sti, og knapt nok det. Alt har grodd att.

Johannes Skar har inga tidfesting av når dette kan ha skjedd. Men ein reknar med at vi må attende til katolsk tid, og kanskje før svar-tedauden som var i 1349-50.

I gamle fotefar

På vår tur vart vi køyrd eit godt stykke inn på Skomedalsheia med buss. Og det var i grunnen greitt. Turen vår var «berre» på 12 kilometer i ulendt terreng. Det regna også ein god del på turen, og myrene var vasstrukne.

Vegen var frå gamalt av markert med vardar og steinleggingar, men elles var alt grodd att med lyng og tre. Men sjølv om vêret ikkje var det aller beste var det ingen som mista motet, og alle kom vel fram til Espelid der vi vart møtt av ventande bussar som tok oss ned til Åknes kapell til varm suppe av beste slag.

Dagen vart avslutta med ei gudsteneste i Åknes kapell. Ein varm takk til kultur- og naturlosane: Kari Røyndid og Olav Grendstad. Dei har funne att leia der Nordmannsvegen gjekk, og dei har rydda vekk buskar og tre som hadde vakse over veggen.

Søren Kierkegaard

På grunn av mykje nedbør på denne tida, risla det godt i bekkane da vi gjekk over heia. Presten las noko som Søren Kierkegaard har skrive om bekkens rislen, og som passa godt:

«Således er jo det uutsigelige; det er som bekkens rislen: Dersom du går i dine egne tanker, dersom du har travelt, da merker du den slett ikke i forbigående.

Du får ikke vite at den er til, denne rislen. Men dersom du stanser, da oppdager du den; og når du har oppdaget den, da må du stå stille; og når du står stille, da overtaler den deg; og når den har overtalt deg, da må du bøye deg lyttende etter den, og når du bøyd lytter etter den, da fengsler den deg; og når den har fengslet deg, da kan du ikke rive deg løs fra den; og når du ikke kan rive deg løs fra den, da er du overveldet - bedåret synker du ned ved dens side; det er i ethvert øyeblikk, som måtte det i neste øyeblikk komme til forklaringen. Men bekken blir ved å risle, og kun vandringsmannen eldes ved dens side.»



*Prestvarden der presten
i følgje segna i «Gamalt
or Setesdab» fraus i hel-*

*Matpause i
Såveskaret i
ausande regnvær-*



*Det var fleire brudler langs vegen etter brude-
følgje. Dei to store steinane var brudeparet
sine.*



*Vegvisar
av nyare slag.*



*Det var fleire tørre furer
langs vegen. Når dei vert
gamle vrir dei seg så dei
står seg betre mot vind
og vær.*



Det var lagt inn små pausar undervegs.

I Vesterled til Bergen

I tråd med tradisjonen reiste og i år medlemmer av Vonheimkoret og nokre av dei kyrkjelege tilsette på tur.

*Tekst: Svein Kleivane
Foto: Olav Nilsen*

Denne gongen helga 6.-9. september med 15 personar, og der målet var Bergen.

Ein stor takk til KVS Bygland for leige av buss.

Avreisedagen

Fredag morgon la me Bygland bak oss, og kom til Lysebotn i det beste sommarver ein kan tenkje seg.

Ferjeturen ut til Songesand var som klypt ut av ei turistbrosjyre. Eit uforgløyemeleg minne!

Så over heia til Hjelmeland og ferje til Nesvik. Røldal var neste stopp. Der vanka det pizza.

Første overnatting var i Jondal. Der fekk me besøk av Jondølen Svein Johan Bakke - tidlegare aktiv politiker og kommunebyråkrat.

Han orienterte og fortalte mykje både frå Jondal og distriktet.

Laurdagen i Bergen

Utpå laurdagen dukka så Bergen by ut av varmedisen. Der vart me møtt av Bergensaren Svein Arne Bakke (namnebror til Jondølen).

Han er lokalkjend bussjåfør og ferjeskipper, og overtok bussen og kørde oss til Hotel Oleana.

Han fann og parkering for både bussen og tilhengaren vår. Gunnar Gautland og underskrivne var svært nøgde med denne ordninga.

Kyrkjeverja kan kunsten å spele på og "utnytte" tidlegare studiekameratar slik at og me hadde stor glede og nytte av dette.

Difor var me på vitjing i heimen til Vagleik og Ingebjørg Brekke på laurdagskvelden.

Diverse Bergenssongar var her avsungne til stor applaus. Og me reiste med Bybanen!

Sightseeing på søndag

Søndag føremiddag var me på tur til Fløyen. Banen opp og sandalane ned att for dei fleste.

På veg mot Søfteland på ettermiddagen fekk me med oss ein flott Grieg-konsert på Trolldhaugen.

Det er Setesdalsluft over Bergen

Så var det åpning av bedehusets songen på Søfteland bedehus. Olav Nilsen hadde skreive ein song om vårt besøk til Bergen, der kvar turdeltakar hadde fått sitt eige vers. Sterkt inspirert av Aage Samuelsen var tittelen "Det er Setesdalsluft over Bergen". Framført av tekstforfattern sjølv saman med gamle studiekameratar.

Vonheimkoret deltok med meir seriøs og åndeleg song, og Knut Gakkestad heldt andakt.

På heimveg

Så kom regnet, men då var me på veg heimover. Stor takk til Olav Nilsen som tok seg av organisering og førebuing, rekneskap og oppgjer.

Så er det godt å kome seg ut av og til. Og godt å kome heim.



Konsert med

Ingamay Hörnberg

i Bygland kyrkje

søndag 3. november kl. 19.00

- Me minnest dei som har gått bort siste året
- Kyrkjesuppe etter konserten
- Takkoffer

Arrangør:

Bygland sokneråd i samarbeid med Skjærgårdssang



Konfirmantpresentasjon



Presten saman med frå venstre Emilian Dale Eklund, Ida Marie Frøysnes Emblemsvåg, Jenny Feed Lunden, Tage Alexander Kjetså, Julie Lande, Åsne Moe og Ellinor Langhelle Åsen

Søndag 29. september var det konfirmantpresentasjon i Bygland kyrkje.

*Tekst: Olav Nilsen
Kilde: Janne Theodora Wikstøl
Foto: Janne Theodora Wikstøl*

65 deltakarar var tilstades i kyrkje denne ettermiddagen.

Dei 7 konfirmantane vart

behørig presentert av sokneprest Kjell Steinbru.

Kjell Steinbru leia og gudstenesta og talte ut frå søndagens tekst i Johannes 7,14-17, medan Svein Kleivane som vanleg var klokkar og kyrkjetenar.

Vår nyttilsette trusopplærar Janne Theodora Wikstøl delte ut biblar til konfirmantane, og vart samstundes presentert for kyrkjelyden.

Deretter vart det servert kvelds-

mat og andre godsaker borte på bedehuset Vonheim, og her var det og ein gild flokk som sessa seg rundt borda.

Svein Kleivane fortalde om bakgrunnen for korset som heng på bedehuset, soknerådsleiar Gro Tove Frafjord Sandnes hadde ordet, medan sokneprest Kjell Steinbru heldt eit lite foredrag om konfirmantundervisning før og no.

Ein gild ettermiddag og kveld!



Olsokfeiring i strålande sommarsol

Årets olsokfering i Sandnes kapell gikk føre seg i strålande sommarsol, og med heilt fullsett kyrkje.

*Tekst: Olav Nilsen
Foto: Erik Dyngvold*



Sokneprest Kjell Steinbruk forretta og minna oss om vår kristne arv, og vår tusenårige kristne historie, med alt det har ført med seg av velsigning for vårt kalde lange land her oppe i nord.

Der vart varmt inne i kyrkja, så soknepresten åpna eit vindauge.

Men det ville ikkje kyrkjetenar og klokkar Knut Gakkestad ha noko av, då han vart redd for at ljosa på alteret skulle blåsa ut.

Så her vart det uavgjort mellom prest og klokkar!

Fele og salmesyssel

Ungguten Tønnes Nordgarden Slotte imponerte storleg med felespelet sitt, og organist Knut Olav Uppstad fekk så mykje vellyd ut av "salmesykkelen" at det var ein fryd å høyre på. Og allsongen vart deretter!

Fin sommarkveld

Så gikk me ut i den solvarme sommarkvelden, og samla oss på stranda der Øyvind Aakhus frå

soknerådet steikte pølser så vel-lukta spreidde seg over heile Sandnes. Etterpå vanka det kaffi, kaker og andre godsaker i store mengder, og vår dugande soknerådsleiar Gro Tove Frafjord Sandnes sytte elles for at alt gikk rett og sømeleg for seg.

Godtfolk både frå bygda og tilreisande vart sitjande både vel og lenge i den unelege sommarkvelden, og sjeldant har vel ein olsok-kveld på Sandnes vore meir vellukka på alle vis.





Ny trusopplærer i Bygland og År

Ein tysdagskveld i september tek eg turen ut i dei mørke skogane melom Øvrebø og Hægeland. Der ligg Reiersdal bedehus.

Tekst og foto: Olav Nilsen

Eit lite kvitmåla bygg med utedo og gamle harde stoler. Men gode

møte, og gilde landsens folk.

Det er gruppa "Bedehusmann" som har tale og song denne kvelden. Dei er ein gjeng med ungutar frå Øvrebø og Vennesla som speler på fleire instrument, og som syng dei gode gamle vekkingssongane så det ljomar i veggene.

Etterpå grip eg fatt i leiaren og spør om han kan tenkje seg å bli trusopplærer i Bygland.

Han takker høfleg nei, men veit om ei ung dame på Hægeland som kan hende er interessert. Ho heiter Janne Wikstøl kan han fortelje.

Wikstøl Maskin

For dei som har vore nokre gonger på Hægeland var det Wikstøl Maskin som gjald i gamle dagar. Og Maskinsalg sjølv sagt - der Knut Gakkestad får mest alt han treng. Det syner seg at det var onkel til Janne som dreiv Wikstøl Maskin. Berre det seier sitt, tenkjer eg.

Så same kvelden sender eg ein SMS, og dagen etter er ho på plass i solkroken heime hos meg på Skisland.

Deretter har det gått slag i slag, og no er ho tilsett som trusopplærer i Bygland og Årdal sokn.

Samstundes er ho i skrivande stund i ferd med å inngå ein avtale med Valle og Hylestad sokn og.

Betre kan det ikkje bli!

Janne Theodora Wikstøl

Janne Theodora Wikstøl er hennar fulle namn, og ho er 26 år gamal.

Det er ingen tvil om at ho er ei ekte Hægelandsjente, og at ho er både stolt og glad for det.

Ho beskriv barndomstida som trygg, beskytta og veldig god. Men legg ikkje skjul på at skuletida på Eikeland til tider var utfordrande. Slik det ofte er på små skular når ikkje alt fungerer som det skal.

I parantes bemerk: Kyrkjeverja gjekk og dei tre første åra på Eikeland skule. Og på den tida lærte han nynorsk!

No er det bokmål som gjeld, og eg er kjapt ute og beroligar Janne med at ho kan skrive på bokmål - og i tenesta i Bygland.

Betre med godt bokmål enn dårleg nynorsk!

Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1954

Kvittering for bladpengar

Fru Borgh. Wicklund Voss, Borre	kr. 20.00
Frå Bygland ved K. O. Haugå (for 1953)	84.20
* Araksbø ved Anders Olsen	71.00
* Grendl ved frk. Ingebj. Lande	72.50
* Sandnes ved G. Liestøl	12.00
* Skomedal ved frk. Anne Valborg Skomedal	19.00
* Lauvdal ved Kristen Lauvdal	40.00
* Langerak ved frk. Ingebj. Langerak	54.50
* Frøysnes ved G. T. Frøysnes	19.50
* Langeid ved G. T. Langeid	32.00
* Mrs. Sigrid Krosstue, USA	14.24
* Tveit, Heggland og Sordal ved frk. Gunnh. O. Tveit	61.00
* Anne Gundersen, USA	2.50
* Gunstein Terjesen, Aml	5.00
* Sæve Rosevald	1.50
* Gro Nordenå, Kr.sand	1.50
* O. Stubseid, Mosby	2.00
* G. Skorpen, USA	2.50
* H. Heggveit, Araksbø	1.50
* Arne og Einar Digerud, USA	4.00
* Austad-Heistad ved fru Siri Austad Ose	66.00
* Ose-Moy ved Helene Scheie	67.50
* Torleiv Heggland, Cal., USA	3.50

Hjarteleg takk!

Frå kyrkjebøkene

Døypte:

15. april. Sandnes kyrkje: Trygve Dahl, f. 22. februar. Foreldre: Stuert i utanriksfart Arne Trygve Dahl og k. Mari, f. Liestøl.
16. april. Austad kyrkje: Liv Taksdal, f. 28. februar. Foreldre: Skogsarbeidar Palmer Pedersen Taksdal og k. Gyro, f. Langeid.
18. april. Bygland kyrkje: Else Ingrid Andersen, f. 16. november 1953. Foreldre: Skogsarb. Torbjørn Andersen og k. Anne, f. Sandnes.
19. april. Ardal kyrkje: Magnhild Synnøve Skjeggedal, f. 5. mars. Foreldre: Sagarb. John Terjesen Skjeggedal og k. Anne, f. Bøe.
16. mai. Bygland kyrkje: Jan Arvid Robstad, f. 3. mars. Foreldre: Sagarb. John Birger Johnson Robstad og k. Margit, f. Larsson.
30. mai. Austad kyrkje: Olav Tarkjell Austad, f. 14. april. Foreldre: Bonde

Torkjell Niklasson Austad og k. Gunnhild, f. Tveit.

30. mai. Austad kyrkje: Ingebjørg Heistad, f. 23. april. Foreldre: Skogsarb. Olav Olavson Heistad og k. Torbjørg, f. Heistad.
7. juni. Ardal kyrkje: Are Greibrokk, f. 1. januar. Foreldre: Bonde Eivind Jørundson Greibrokk og k. Solveig Johanna Andrea, f. Langvarp.
7. juni. Ardal kyrkje: Inger Britt Miljeteig, f. 20. april. Foreldre: Sagarb. Arne Miljeteig og k. Birgit, f. Skjeggedal.
13. juni. Sandnes kyrkje: Anne Hauge-tveit, f. 11. mai. Foreldre: Bonde Asuly Knutson Haugeitveit og k. Ingebjørg, f. Urdi.

Avlidne:

4. april: Alders-pensjonist Sven Drengson Ose, f. 12. mars 1875.
5. april: Gardbruker Anne Asulvsdtr. Haugen, f. 7. desember 1874.
14. april: Skreddar Asbjørn Fahret, f. 18. november 1881. Gravlagt i Hornnes.
18. april: Fv. farmar Asgaut Vatsend, f. 2. januar 1876. Gravlagt i Evje.
26. april: Gardbrukar hv. Olav Salveson Stuttstog, f. 20. desember 1875.
29. mai: Skogsarbeidar Alf Johnson Sandnes, f. 15. november 1888.
30. mai: Bonde og lærar hv. Asuly Eivindson Lande, f. 21. mai 1862.
11. juni: Gardbrukar, enkje Gunnhild Omundsdr. Heistad, f. 22. november 1885.

Vigde:

5. juni: Ardal kyrkje: Fenrik Asuly Bjørnson Tveit og sjukeyster Agoth Aleborg.
5. juni: Sandnes kyrkje: Skogsarb. Olav Nilsson Krokan og hmv. Gro Lidi.

Gudstenester

3. søndag e. trieiing, 4. juli kl. 11. Bygland kyrkje. Soknepresten.
3. søndag e. trieiing, 4. juli kl. 11. Ardal kyrkje. Misjonsprest P. Kjøberg. Offer til Santalmisjonen.
4. søndag e. trieiing, 11. juli kl. 19.30. Araksbø. Sokneprest Sefland. Nattverd.
5. søndag e. trieiing, 18. juli kl. 19.30. Ardal kyrkje. Sokneprest Sefland. Nattverd.
7. søndag e. trieiing, 1. august kl. 11. Austad kyrkje. Sokneprest Roe.

Bladstyrar: SIGURD ROE
Fædrelandsvennens trykkeri - Kristiansand

dal sokn!

Men om skulegongen på Eike-land ikkje alltid var den best, skryt ho veldig av ungdomsskulen på Skarpengland i Øvrebø. Der var klassane monaleg større, og miljøet svært godt!

Tida på Hægeland

Janne er vakse opp i Hægeland Frikyrkje. I Vennessla kommune er dei tre frikyrkene mest like så store som Den norske kyrkja, og Hægeland er ikkje noko unnatak!

I Hægeland frikyrkje har ho vore leiar både i Junior og ungdomsarbeidet "Online", og i Øvrebø Frikyrkje som forbeder, som leiar i to bibelgrupper og i mediatemaet under "Active Focus-festivalen".

For dei som kjenner Øvrebø og Hægeland er det eit faktum at det kristne ungdomsarbeidet i desse to bygdene har vore formidabelt, og at mange ungdomar har blitt kristne gjennom det som Janne her har vore ein aktiv del av.

Janne er døypt i Hægeland Frikyrkje, men vart konfirmert i Filadelfia Vennessla.

19 år gamal reiste ho til Hawaii for å gå på bibelskule (DTS) i regi av Ungdom i Oppdrag.

Praksistida hadde ho på Filipinane.

På Mediehøyskolen

Då ho kom heim att tok ho eit årsstudium i Kommunikasjon og Livssyn på NLA Mediehøyskolen.

Ho fortel at mykje av studiet eigentleg handla om trusforsvar (Apolegetikk), og at dette gav ein svært god balanse i høve til den meir karismatiske linja som Ungdom i Oppdrag står for.

Deretter tok ho ein 3-årig Bachelor i det som heiter "Global development studies" ved Universitetet i Agder.



Sia ho var 16 har ho samstundes arbeidd som butikkmedarbeider i Felleskjøpet, så her har bokleg lærdom og praktisk yrkesliv gått hand i hand.

Tatoveringa

Janne verkar trygg - både i seg sjølv og i si kristne tru.

"Eg veit at Jesus døydde, at han stod opp og at han lever idag" seier ho. På armen har ho ei tatovering. På denne står det "Daughter" - datter.

Dette for heile tida vera medveten på at ho er eit Guds barn - og datter!

Ho fortel og at ho dei siste åra har lært å setje meir og meir pris på gudstenestene i Den norske kyrkja - liturgien, tekstlesingane, bønene og alt det som er fast frå gong til gong. Og ikkje minst salmesongen og orgelbruset!

Som ein skjønner er dette ei dame med både solid og allsidig erfaring på mange felt.

No går ho inn i arbeidet som trusopplærer i Bygland og Årdal sokn.

Ver med og be for Janne - at ho kan verta til velsigning for kyrkjelyden, og at ho når inn både til borna og ungdomen i Bygland kommune.



Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

Gudstenester

Bygland og Årdal sokn

oktober 2024 - desember 2024

Søndag 13. oktober:

21.søndag i treeiningstida

Diakoniens dag.

Gudsteneste i Sandnes kyrkje

Åraksbø kl.11.00 ved Kjell Steinbru

og Åse Gudrun Thortveit

Vonheimkoret syng

Organist: Knut Olav Uppstad

Preiketekst: Lukas 16, 19-31

Kyrkjekomper i Åraksbø Grendehus etter gudstenesta

Takkoffer til Kirkens SOS

Søndag 3. november.

Minnedag

Konsert med Ingamay Hörnberg

og Lennart Sjöholm i Bygland kyrkje kl.19.00

Me minnest dei som har gått bort siste året. Kyrkjesuppe etter konserten. Takkoffer

Tysdag 19. november

Ungdomsgudsteneste for folk i alle aldrar i Bygland kyrkje kl. 20.00 ved Kjell Steinbru og KVS Bygland. Bildøy folkehøgskule deltek også med song.

Organist: Knut Olav Uppstad

Takkoffer til KVS Bygland

KVS serverer kveldsmat og kyrkje-kaffi oppe på skulen etter gudstenesta.

Søndag 1. desember.

1.søndag i advent

Årdal kyrkje Grendi kl.20.00.

Jolekonsert med Norges lengste korps.

Ljosmesse med Kjell Steinbru og konfirmantane.

Organist: Knut Olav Uppstad

Takkoffer til Det Norske Misjons-selskap

Søndag 8.desember.

2. søndag i advent

Bygland kyrkje kl.18.00.

Jolekonsert med Kong Hane

Søndag 22.desember

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.18.00

Me syng jola inn med Vonheimkoret

Soknerådet serverer jolegløgg

Tysdag 24. desember.

Jolaftan

Byglandsheimen kl.13.00

Bygland kyrkje kl.14.30

Jolegudsteneste ved Knut Gakkestad

Organist: Brit Haugen

Preiketekst: Lukas 2, 1-20

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Tysdag 24. desember.

Jolaftan

Årdal kyrkje Grendi kl.16.00

Jolegudsteneste ved Kjell Steinbru

Me går rundt joletreet

Organist: Oddbjørn Stakkeland

Preiketekst: Lukas 2, 1-20

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Onsdag 25. desember.

1. joledag

Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00

Gudsteneste ved Kjell Steinbru

Organist: Knut Olav Uppstad

Preiketekst: Joh 1, 1.14

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Kvittering

Innbetalt til konto

2898 20 05630

Betalingsinformasjon

Gåve til
Kyrkjebladet

Betalt av

Støtt
Kyrkjebladet
v^opps
554108

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt til

Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd
v/økonomiavd. Bygland kommune
4745 Bygland

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

H

<

>

2898 20 05630

<6530865305>

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Døde

Eivind Haugå, født
06.03.1946, død 08.07.2024

Edith Skjevraak, født
04.03.1935, død 17.07.2024

Synne Maria Frøysnes, født
25.11.2004, død 30.07.2024

Finn Rosmer, født 12.06.1930,
død 01.07.2024

Gunnar Stubseid, født
23.01.1948, død 20.06.2024

Døypte

Jakob Lonebu Hofstad-Larssen
Døyp 11.08.2024 i Årdal
kyrkje Grendi

Ingebjørg Haugetveit
Døyp 07.07.2024 i Sandnes
kyrkje Åraksbø

Andaktar på Byglandsheimen

Alle er velkomene til andaktane på Byglandsheimen. Framover vert dei følgjande tysdagar kl.14.00:
08. oktober - 22. oktober -
05. november - 19. november -
03. desember - 17. desember -
24. desember kl.13.00 Jolegudsteneste

Jolekonsertar

I år vert det ekstra mange jolekonsertar de kan gle dykk til!

Søndag 1. desember kl.20.00 i Årdal kyrkje Grendi:
Jolekonsert med Norges lengste korps. Ljosmesse med konfirman-tane og Kjell Steinbru

Søndag 8.desember kl.18.00 i Bygland kyrkje:
Jolekonsert med Kong Hane

Søndag 22.desember kl.18.00 i Sandnes kyrkje Åraksbø:
Me syng jola inn med Vonheimkoret

Skulle de få hug til endå ein jolekonsert i nærleiken:

Søndag 15.desember kl.19.00 i Evje kyrkje:
Jolekonsert med Evje og Hornnes Menighetskor og Norges lengste korps.

Minnedag og konsert med Ingamay Hörnberg!

Tekst: Olav Nilsen

På 70-tallet var den svenske gospelsongaren Ingamay Hörnberg mest like populær som Evie Tornquist. Evie har jo vore to gonger og sunge i Bygland kyrkje.

Men no kjem Ingamay Hörnberg - nærare bestemt søndag 3. november kl. 19.00 i Bygland kyrkje.

Sia dette og er Minnedagen inviterer me spesielt alle pårørende til dei som har gått bort det siste året, og med Ingamay's vakre og lågmælte songar trur me dette vil høve svært godt inn i ei verdig markering av denne dagen.

Ingamay var borte frå songscena i mange år, men har no gjort eit verkeleg "come-back" saman med sin ektemann Lennart Sjöholm.

Han er ein kjent svensk komponist, musikkprodusent og pianist, og saman vil desse to fylle kyrkja med svært vakker song og musikk.

Det er gratis inngang, men det er lov å gje ei gåve for å dekke ein del av konsertutgiftene.

Kyrkjelydene i Bygland

Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18, 4745 Bygland
Bygland kommune: 379 34 700
Heimeside: www.bygland.kyrkjelyd.no
www.facebook.com/Byglandskyrkjene

Sokneprest Kjell Steinbru
Telefon: 473 28 472
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen
Telefon: 982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd
Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes
Mobil: 950 44 185
E-post: gro.tove74@gmail.com

Nestleiar: Susanne Hegenscheidt
Mobil: 941 74 761
susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no

Tilsette

Organist
Hans Jurgen Wiehe. 915 47 804
Knut Olav Uppstad (eige firma)
Mobil: 400 41 041
E-post: uppstad@gmail.com

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes
Knut Gakkestad 948 80 383


Kyrkjetenar, Årdal
Tore Moseid. 462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland
Svein Kleivane 977 74 321


Reinhaldarar
Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Gro Tove Frafjord Sandnes
(Sandnes) 950 44185
Kari Aud Bakke Svenningsen
(Årdal) 911 80 315

Prostidiakon
Åse Gudrun Thortveit . . . 916 85159
E-post: aasegudrun@hotmail.com

Trusoppplærar
Janne Theodora Wikstøl . . 901 21906
E-post: janne.wik@icloud.com



*Avsender: Kyrkjebladet for Bygland
v/Olav Nilsen
Skisland 28, 4715 Øvrebo*



Ingebjørg Haugetveit vart døypt 7. juli i Sandnes kyrkje Åraksbø. Foto: Anne Haugetveit Wibrand.